



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6619 - 14/22612

Saksbehandlar:  
Arnold Matre  
Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:  
07.10.2014

## Høyringsforslag Regional Plan for attraktive senter i Hordaland - Uttale frå Lindås kommune

Vedlagt følgjer vedtak.

Viser til epost sendt 01.10.2014.

Med helsing  
Arnold Matre  
fagleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Hordaland fylkeskommune



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
122/14	Plan- og miljøutvalet	PS	01.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arnold Matre	14/6619

## Høyringsforslag Regional Plan for attraktive senter i Hordaland - Uttale frå Lindås kommune

Plan- og miljøutvalet syner til regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel, og som er sendt Lindås kommune til uttale. Lindås kommune ser det som positivt at planen skal erstatta fleire eldre regionale plandokument. Dette gjer regionale politikk meir føreseieleg innanfor dette tema.

Lindås kommune ser på høyringsutkastet som eit godt styringsverktøy i høve utviklinga ein tydeleg senterstruktur i fylket. Hordaland fylkeskommune har fått ansvar for oppfølging av dei fleste tiltaka i handlingsdelen. For at planen skal føra til ønskt utvikling av sentra, er det viktig at fylkeskommunen følg opp tiltaka innan oppsett framdriftsplan.

Lindås kommune vil peika på at områdeplan for Knarvik sentrum ligg ute til offentleg ettersyn. Planen legg rammer for at regionsenteret for Nordhordland skal utvikla seg til by innanfor planperioden. Kommunen meiner det er godt samsvar mellom Knarvikplanen og det som den ligg som strategiar, retningslinjer og tiltak i framlegg til regional plan for attraktive senter.

Lindås kommune ser det som viktig at statlege og regionale instansar tek aktiv del i å styrka regionsentra gjennom aktivitetar under sine ulike ansvarsområde.

Lindås kommune vil peika på at kommunestrukturen vil endra seg vesentleg både i Nordhordland og resten av fylket i planperioden. Det er viktig at regional plan for attraktive senter er robust og fleksibel nok til å møte denne nye kommunestrukturen.

### Plan- og miljøutvalet - 122/14

#### **PM - behandling:**

Fagleiar Arnold Matre orienterte i saka.

**Redaksjonell endring** i avslutt 2, siste setning:

For at planen skal føra til ønskt utvikling av sentra, er det viktig at fylkeskommunen *følgjer* opp tiltaka

innan oppsett framdriftsplan.

Rådmannen sitt framlegg med redaksjonell endring vart samrøystes vedteke.

### **PM - vedtak:**

Plan- og miljøutvalet syner til regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel, og som er sendt Lindås kommune til uttale. Lindås kommune ser det som positivt at planen skal erstatta fleire eldre regionale plandokument. Dette gjer regionale politikk meir føreseieleg innanfor dette tema.

Lindås kommune ser på høyringsutkastet som eit godt styringsverktøy i høve utviklinga ein tydeleg senterstruktur i fylket. Hordaland fylkeskommune har fått ansvar for oppfølging av dei fleste tiltaka i handlingsdelen. For at planen skal føra til ønskt utvikling av sentra, er det viktig at fylkeskommunen følgjer opp tiltaka innan oppsett framdriftsplan.

Lindås kommune vil peika på at områdeplan for Knarvik sentrum ligg ute til offentleg ettersyn. Planen legg rammer for at regionsenteret for Nordhordland skal utvikla seg til by innanfor planperioden. Kommunen meiner det er godt samsvar mellom Knarvikplanen og det som den ligg som strategiar, retningslinjer og tiltak i framlegg til regional plan for attraktive senter.

Lindås kommune ser det som viktig at statlege og regionale instansar tek aktiv del i å styrka regionsentra gjennom aktivitetar under sine ulike ansvarsområde.

Lindås kommune vil peika på at kommunestrukturen vil endra seg vesentleg både i Nordhordland og resten av fylket i planperioden. Det er viktig at regional plan for attraktive senter er robust og fleksibel nok til å møte denne nye kommunestrukturen.

### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i (Stryk det som ikkje passar Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn:**

Framlegg til Regional plan for attraktive senter i Hordaland er sendt på høyring med utsett frist for politisk handsaming i kommunane til 01.10.14. Planprogrammet vart vedteken av Fylkesutvalet 20.02.13.

Regional plan for attraktiv senter i Hordaland er forankra i Regional planstrategi for Hordaland 2010-

2012. Planen skal erstatta gjeldande Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel frå 2002. Planen skal også avløysa aktuelle tema i Fylkesplan for Hordland 2005-2008.

Regional plan for attraktive senter inneheld retningslinjer for arealbruk og retningslinjer for forvaltning. Retningslinjene er eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen og skal innarbeidast i kommunale arealplanar. Dei regionale retningslinjene for arealbruk vil vera utgangspunktet for vurdering av motsegn frå regionale organ. Motsegn skal berre nyttast når kommunale arealplanar er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser.

Dei regionale føresegnene i kapittel 4 i planen – Handel og kjøpesenter - , erstattar Forskrift om rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre frå 2008 (kjøpesenterforskriften). Regionale forskrifter juridisk bindande for kommunane og private utbyggjarar. Føresegnene er tidsavgrensa til 10 år frå vedtaksdato.

### **Innhald i planen:**

Kapittel 1 definerer mål, strategiar og ein langsiktig senterstruktur i Hordaland. Kapittel 2 – 5 tek opp følgjande utfordringar:

Kap. 2: Korleis planlegging kan bidra til å skapa attraktive sentrumsområde

Kap. 3: Kva for tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod som bør leggjast til sentera i fylket.'

Kap. 4: Lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod.

Kap. 5: Korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem.

Kvart kapittel er bygd opp etter malen mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Som vedlegg til planen er det utarbeida ei konsekvensutgreiing etter § 4-2 i plan- og bygningslova. Denne skal synleggjera eventuelle verknader av retningslinjer og føresegner for framtidig utbygging og lokalisering av handel.

**Kapittel 1** definerer hovudmål, strategiar og senterstruktur.

Hovudmålsetjinga er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggja for vekst i heile fylket.

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og drive næring i.
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vera attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vera tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i , til og frå sentrum.

Føreslegne strategiar for å oppnå dett er:


- Styrka arealplanlegging i sentrumsområde.
- Betre samordning og felles retningslinjer for samfunnsplanlegging og offentleg forvaltning.
- Auka kunnskap.
- Økonomiske verkemiddel.
  - «For å setja fart i utviklinga av attraktive senter vil økonomiske verkemiddel vera aktuelle. Strategien skal medføra prioritering innanfor eksisterande midlar og større vekt på samfinansiering og spleiselag. Døme på økonomiske verkemiddel er regionale utviklingsmidlar og midlar til utbygging av infrastruktur for kollektivtransport.»

Senterstrukturen i Hordaland skal følgja hovudprinsippa frå tidlegare fylkesplan for senterstruktur. Planen opprettheld alle regionsenter frå planen frå 2002, men endrar kriteriene for regionsenter.

Planen legg til grunn **Kleppestø** (Askøy kommune) som nytt regionsenter med omsyn til folketal og trong for å gjera kommunen meir sjølvforsynt. I tillegg vert Husnes (Kvinnherad kommune) lagt til som regionsenter av di avstanden til næraste regionsenter er stor.

Senternivå	Namn på regionsenter	Kommune
Regionsenter	Knarvik	Lindås kommune
	Vossevangen	Voss kommune
	Straume	Fjell kommune
	Kleppestø	Askøy kommune
	Osøyro	Os kommune
	Norheimsund	Kvam Herad
	Leirvik	Stord kommune
	Husnes	Kvinnherad kommune
	Nettet av bydelsenter i Bergen	Bergensområdet

Framlegg til regionsenter i Hordaland



Høyringsforslag som definerer senterstruktur i Hordaland.

**Kapittel 2** tek opp korleis ein gjennom planlegging kan bidra til å skapa attraktive sentrumsområde i Hordaland.

Det overordna målet er at sentra skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og driva næring i.

Følgjande delmål er formulert:

- Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader.
- Sentrumsområdet skal vera tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne.
- Sentrumsutvikling skal byggja på staden sin historie, særpreg og landskapstrekk.
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar.
- Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysiske aktivitet.

For å nå desse måla er det laga retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde, som seier nokon både om planprosess og arealbruk. Tilsvarande er det laga retningslinjer for forvaltning.

Her er det formulert at «statlege og fylkeskommunale økonomiske verkemiddel skal prioritera samfinansiering i sentrumsområde (underpkt 2.5). Dette gjeld spesielt:

- Fylkeskommunen: Partnerskap i kommune- og tettstadsplanlegging.
- Fylkeskommunen: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.
- Fylkeskommunen: Spelemidlar og andre kulturtilskot.
- Fylkeskommunen og staten: Samferdslemidlar og midlar til friluftsliv.
- Staten: Husbanken

Kap 2.4 er handlingsprogram for å nå måla om attraktive sentrumsområde. Tiltak 2.1 er det einaste kommunen har ansvar for å følgja opp. Her skal ein fastsetje føremålstenleg sentrumsutstrekning i fylkessenter, regionsenter og bydelssenter i samarbeid med regionalt nivå.

Det er vidare skissert følgjande tiltak som Hordaland fylkeskommune har oppfølgingsansvar for:

2.2: Modellar for offentleg og privat samarbeid i sentrum

2.3: Attraktivitet i regionsenter- sentrums kvalitet.

2.4: Rådgeving i by- og tettstadutvikling.

2.5 Tilskot til by- og tettstadutvikling

- Kommunar kan få økonomisk støtte til sentrumsutvikling. Det skal klargjerast samfinansiering av prosjekta på kommunalt, regionalt og statleg nivå.

**Kapittel 3** tek opp kva for tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod som bør leggjast til sentera i fylket. Overordna må er at sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod

tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen. Det er vidare definert følgjande delmål

I sentera i Hordalane skal det leggjast til rette for:

- Publikumsretta og besøksintensive offentlege og private tenester.
- Arbeidsplassintensive verksemdar.
- Opne for arenaer for fritids- og kulturaktivitetar.

Prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester			
	Stat	Fylkeskommune	Kommune
Fylkessenter	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget.</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>
Regionsenter	Sjukehus/spesialhelseteneste for heile fylket.  Høgskule/desentralisert universitet.  Politi som dekkar fleire kommunar.  Skattekontor.  NAV-kontor med koordinerende oppgåver for regionen.	Større tannklinikk / evt. klinikk for fleire kommunar.  Spesialiserte tannhelsetenester i nokre regionar. (Stord, Norheimsund og nordhordland.)  Vidaregåande skule med breitt fagtilbod og fagtilbod tilpassa næringslivet i omlandet. Evt vaksenopplæringstiltak.	Interkommunal legevakt.  Lokalmedisinsk senter. Interkommunale helse- og sosialtenester. Regionalt kulturhus.  Bibliotek.  Regionalt symjeanlegg (25 m basseng)
Bydelscenter Bergen kommune	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>
Kommunesenter	Spesialhelseteneste. Evt: Politi. NAV-kontor.	Evt: Tannklinikk Evt: Vidaregåande skule.	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>
Lokalsenter	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>
Nærsenter	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>	<i>Jf tabell 3-1 s 25/26 i høyringsforslaget</i>

Tabellen syner retningsgjevande prinsipp for lokalisering ved nyetablering av besøksintensive offentlege tenester.

Handlingsprogram har her to tiltak som både Hordaland fylkeskommune har ansvar for:

3.1: Samrådsfora for lokalisering av offentlege tenester.

3.2: Samlokalisering av helsetenester.

- Samle og formidla informasjon om modellar for korleis ein kan få til samlokalisering mellom stat, fylkeskommune og kommune når det gjeld helsetenester.

**Kapittel 4** omhandlar lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod. *Dette kapitlet er særleg viktig av den grunn at det her ligg framlegg til føresegnar som vil verta juridisk bindande for alle partar.* Dei regionale føresegnene vil erstatta «Forskrift om rikspolitiske bestemmelse for kjøpesenter frå 2008.»

Overordna mål for handel og kjøpesenter er at sentera skal vera attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Delmåla er definert som :

- Dekningsgrad for detaljvarehandel skal balanserast mot folketal i handelsområdet definert av kommunen.
- Ny detaljvarehandel skal i hovudsak lokalisert i senter og innanfor sentrumsområdet.
- Daglegvarehandel skal lokalisert i senter eller nære bustadområde.

4.1. *Nytt bruksareal for detaljhandel på meir enn 3.000 m<sup>2</sup> kan berre tillatast i senter og innanfor sentrums-utstrekninga definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan/reguleringsplan vedtatt etter [dato].*

*Unntatt frå føresegna er ny handelsverksemd kor den dominerande delen av vareutvalet er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarer, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.*

4.2. *Det skal gjennomførast handelsanalyse ved etablering og utviding av handelsverksemd med samla nytt bruksareal på meir enn 3.000 m<sup>2</sup>.*

*Handelsanalysen skal gjennomførast av planfremjar som del av ny reguleringsplan eller endring av re-guleringsplan.*

4.3. *Fylkesutvalet kan gi samtykke til handelsareal ut over det som går fram av punkt 4.1 dersom det kan sameinast med mål- og retningslinjer i Regional plan for attraktive senter.*

*Søknader om samtykke skal sendast kommunen. Kommunen skal vurdere søknaden og sende søknad og si fråsegn til fylkeskommunen. Fylkesmannen skal høyrast før avgjerd takast.*

I tillegg er det på side 31 framlegg til regionale retningslinjer for arealbruk. Handlingsdelen har definert to tiltak, som både Hordaland fylkeskommune har gjennomføringsansvar for.

4.1: Mal for handelsanalyse

4.2: Kontaktutval mellom handelsnæring og planmynde.

**Kapittel 5** tek opp korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem.

Overordna mål er at sentra skal vera tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i , til og frå sentrum. Delmåla er definert som :

- Sentrum skal ha god framkome for kollektivtransport og vera eit attraktivt bytepunkt mellom ulike transportformer.

- Sentrum skal vera svært godt tilrettelagd for gåande og syklande.
- Viktige aksar mellom målpunkt skal vera universelt utforma.
- Sentrum skal ha god tilgjenge for naudsynt varetransport.

Kapittelet tek opp tilhøve til kollektivtransport og taxi, gåande og syklande, sykkel som konkurrent til bil, sykkelparkering, veg- og biltrafikk i sentrum og bilparkering i sentrum.

I høve **kollektivtransport** vert det gjort klart at i sentrum bør kollektivpunkt liggja sentralt og vera attraktivt, trygt og universelt utforma. Knutepunkt kan med fordel samlokalisert med andre funksjonar i sentrum – særleg med kafé/kiosk som er open på kveldstid. Kollektivknutepunkt bør vera bytepunkt kor dei miljøvenlege transportformene gange og sykkel, og dei kollektive transportformene buss, båt og bane står opp under kvarandre. Ikkje-publikumsretta funksjonar som oppstillingsareal for bussar mellom avgangar (areal til bussregulering) bør som hovudregel ikkje lokalisert sentralt.

Utforming av kollektivknutepunkt, inkludert venterom og haldeplass for taxi, bør samsvare med senternivå og servicenivå på kollektivtilbodet.

På side 36 og 37 finn ein retningslinjer for arealbruk knytt til dette tema. 5.3 – 5.5 er generelle retningslinjer, 5.6 – 5.8 gjeld kollektivtransport, 5.9 og 5.10 gjeld sykkel og 5.11 – 5.12 gjeld biltransport.

Handlingprogram i høve transport har definert 3 tiltak:

- 5.1: Utarbeide sjekklister – transport og tilgjenge i sentrum.
- 5.2: Gode kollektivknutepunkt.
- 5.3: Gang- og sykkelveggar i sentrum.

Som vedlegg til høyringsforslaget er det utarbeida ei konsekvensutgreiing for planforslaget. Den seier nokon om konsekvensar for ein skilde tema (miljø og samfunn) samt ei vurdering av samla konsekvensar av planen.

### **Vurdering:**

Det er positivt at det no vert lagt fram eit høyringsutkast til regional plan som samlar regional og statleg politikk på eit felt som til no har vore spreidd på fleire dokument, både statleg og regionalt. Nokre av desse dokumenta var vedteken så langt attende som 2002.

Når regional plan for attraktive senter i Hordaland vert vedteken, vil den erstatta *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002)*, aktuelle tema i Fylkesplan for Hordaland

2005-2008 samt *forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* frå 2008.

Særleg det siste er vert å merka seg, då føresegnene i kapittel 4.3 vil verta juridisk bindande og såleis styrande for kommunen sin arealpolitikk.

Proessen med planen har vore omfattande og har lagt opp til medverknad frå både politikarar, administrasjon, næringsliv og andre grupper. Frå Lindås kommune har Ordførar Astrid Aarhus Byrknes vore deltakar i den politiske styringsgruppa for planen.

Administrasjonen er av det syn at det er lagt fram eit grundig plandokument på høyring. Strategiar og tiltak som vert føreslegne, er grunngeve i planskildringa.

Plandokumentet er meint å gje regionale retningslinjer for planlegging i sentrumsområde. Det vert i kapittel 2 gjeve klare føringar for slikt reguleringsarbeid. I Lindås kommune ville dette særleg vore gjeldande for Knarvik som regionsenter. Her er situasjonen den at det alt ligg føre framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum. Planen er på høyring og vil etter planen verta vedteken vinter/vår 2014. Formelt sett vil såleis ikkje regional plan for attraktive senter vera gjeldande for Knarvikplanen.

Slik administrasjonen ser det er det likevel godt samsvar mellom det som vert gjeve som retningslinjer i regional plan og det som ligg inne i Knarvikplanen. Kapittel 2 gjev etter administrasjonen sitt syn eit godt grunnlag og gode føringar for arbeid med arealplanar for sentrumsområde.

Høyringsdokumentet slik det ligg føre svarar godt på dei fleste utfordringar som vert skissert i planen. Det er viktig at framlegg til plan tek høgde for dei endringar i kommunestrukturen som vil komma i fylket dei neste 5 år. Det er viktig at retningslinjer, føresegner og tiltak er robuste nok til å passa inn også i eit Hordaland fylke med monaleg færre kommunar enn i dag, og såleis færre formelle kommunesentra.

Planen kunne etter vårt syn omtala den føreståande kommunereforma, og mogelege følgjer av denne meir grunnleggande. Samla sett meiner administrasjonen at dette er eit dokument ein kan slutta seg til.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (høyringsutkast)

Sjå link til høyringsforslaget under:

<http://www.hfk.no/Global/Plan/pdf-dok/2014-05-27-%20Regional%20plan%20for%20attraktive%20senter%20i%20Hordaland%20-H%C3%98YRINGSFORSLAG.pdf>

